

# Korleis opplever brukarane normsituasjonen i nynorsk?

Åse Wetås

## 1. Innleiing

Denne rapporten framstår i hovudsak som ein syntese av resultat frå hovudoppgåver og artiklar som tek for seg nynorsk- eller bokmålsnorma i brukarperspektiv. Grunnen til dette er at eg ikkje har hatt høve til å driva eigne undersøkingar på dette feltet. Fordi tidspresset etter kvart blei svært stort, har det ikkje vore mogleg å gjennomføra dei spørjeundersøkingane eg gjerne skulle gjort ute i skolen, i avisredaksjonar, i ulike typar offentleg verksemder og i forlagsbransjen. Ei årsak til dette er at alt arbeidet skulle gjerast i løpet av eit ganske kort tidsrom, og ei anna er at det i store delar av engasjementsperioden min har vore ferieavvikling rundt om på dei arbeids- og studiestadene det ville vore aktuelt å utføra undersøkingar. Grundige og breie studiar av haldningar til norma vil nok utan tvil kunna supplera den kunnskapen me alt har om korleis brukarane faktisk opplever normsituasjonen. Likevel finst det ein del større og mindre undersøkingar som tek for seg tilhøvet mellom norm og brukar. Det er desse eg presenterer i denne rapporten.

Eg har i tillegg til å skaffa meg oversyn over kva for studiar som finst på området, gjort eit forsøk på å få avisredaksjonar i eit utval lokal- og regionalavisar i tale. Då eg sende brev til 17 avisredaksjonar med spørsmål om m.a. korleis dei handterer norma, fekk eg til saman berre fem svar. Mesteparten av informasjonen eg fekk tilbake frå redaktørane, gjeld korrekturpraksisen i redaksjonane og er altså mest relevant for delrapporten om rettepraksis på ulike nivå.

Undersøkinga av korleis brukarane opplever normsituasjonen heng sjølvsagt nært sammen med dei andre delundersøkingane som er blitt laga. Delundersøkingane om ulike typar publisert og upublisert nynorsk vil gje eit oversyn over normvariasjonen i praksis, og delundersøkinga om feiltypar i nynorsken vil presentera eventuelle tendensar i feila nynorskbrukarane gjer. Berre når ein vurderer rapporterte haldningar til norma i samanheng med faktisk praksis, vil ein kunna få eit nokolunde fullstendig bilet av stoda på området.

Mange av undersøkingane av haldningar til nynorsk er skriftlege spørjeundersøkingar med lukka spørsmål, og slike undersøkingar vil vera problematiske i det at dei har ein tendens til å styra informantane, fordi dei må svara innanfor førehandsdefinerte kategoriar. Eg trur undersøkingar der svarkategoriene er opne, vil kunna gje meir (og kanskje heilt ny?) informasjon om kva forhold ulike brukargrupper eigentleg har til norma og normpluralismen. Slike undersøkingar vil også i større grad avdekkja om brukarane faktisk kjenner til innhaldet i rettskrivinga og har fått rettleiing i korleis dei kan bruka dette.

Ei undersøking av haldningar til norma dreier seg altså også om kunnskapar om norma og variasjonsbreidda. Eg kjem til å referera ein del undersøkingar som viser noko om nettopp normkunnskapen hos ulike brukargrupper. Dette gjer eg fordi eg meiner den faktiske kjennskapen brukarane har til rettskrivinga er viktig når ein skal vurdera brukarane sine utsegner om normsituasjonen. Nokre av undersøkingane eg har sett på, er såkalla "matched guise"-baserte. Desse er ikkje så interessante i denne samanhengen, fordi dei som regel ikkje seier noko spesifikt om norma, men går meir på generelle haldningar til nynorsk, bokmål eller begge målformene (jf t.d. Verlo 1993, Råbu 1997).

Det er interessant å sjå at så mange av dei som undersøker haldningane ulike brukargrupper har til rettskrivinga og valfridommen, etterlyser større undersøkingar på området. Ønskemåla dei kjem med, er at det må gjerast større kartleggingar både av kva brukarane meiner om valfridommen, om dei meiner at dei sjølv gjer bruk av han i skrift, og ikkje minst om valfridommen faktisk kjem til uttrykk i tekstane dei ulike brukargruppene produserer.

## 2. Studiar av haldningane ulike brukargrupper har til normsituasjonen

Mange av studiane på området dreier seg om haldningane elevar eller lærarar har til normsituasjonen. Eg har valt å presentera elevhaldningar og lærarhaldningar i kvart sitt underpunkt (2.1 og 2.2). Ein god del av undersøkingane eg refererer, kartlegg både elevhaldningar og lærarhaldningar, og resultata av desse delstudiane blir presenterte under kvar sine punkt. Dei studiane som elles finst av haldningane andre brukargrupper har til normsituasjonen, blir presenterte under punkt 2.3. Fordi faktisk kunnskap om rettskrivinga og haldningar til normsituasjonen nok kan henga nært saman, har eg også teke med resultat frå undersøkingar som kartlegg kunnskapen brukarane har.

### 2.1 Elevar og haldningar til normsituasjonen

Celia M. Berg har gjort ein større studie av korleis valfridommen innanfor skriftnormalane blir nytta i praksis, og kva haldningar elevar i den vidaregåande skolen har til ein vid skriftnormal (Berg 1999a, b, c). Både elevar med nynorsk som hovudmål og elevar med bokmål som hovudmål er med i respondentgruppa hennar. Ut frå svara Berg får når ho spør om haldningar til den vide skriftnormalen, ser det ut til at elevane generelt har eit svakt medvit om normpluralismen. Dette gjer at me må tru haldningane deira til ein vid skriftnormal for ein stor del har eit ikkje-informert grunnlag. Dersom elevane ikkje kjenner til valfridommen, kan dei vanskeleg analysera han særleg presist. Berg finn likevel at dei fleste elevane har meir kunnskap om valfridommen i nynorsk enn i bokmål, og ho meiner ei nærliggjande forklaring må vera eit sterkare fokus på talemålsnære former i nynorskoplæringa.

Undersøkinga til Berg viser dessutan at nynorskelevane jamt over er betre orienterte om valfridommen innanfor rettskrivinga enn bokmålselevane i utvalet hennar er<sup>1</sup>. Dei har dessutan eit språksyn som skil seg nokså radikalt frå det bokmålsinformantane hennar har. Nynorskelevane er sikrare på korleis dei sjølv skriv, og dei plasserer skriftspråket dei bruker innanfor termar som ‘talemålsnært’, ‘radikalt’ og ‘konservativt’. Dei er dessutan meir opptekne av at skriftspråket deira skal vera individuelt prega enn det bokmålselevane ser ut til å vera. Nokre av elevane i utvalet ser i tillegg ut til å ha ein viss kjennskap til valfridommen i skriftspråket, men dei rapporterer at dei oppfattar å bli pressa av lærarar til å skriva på ein måte som ikkje er i samsvar med det språksynet dei sjølv har. Likevel er det altså mange av elevane som har lite kunnskap om valfridommen innanfor rettskrivinga, og dei rapporterer også at dei får lite undervisning i dette emnet.

På punktet som gjeld vektlegginga av valfridommen i norskundervisninga, blir Berg imøtegått av Sissel Schønning. I ein kommentar til Berg 1999a i *Norskclæraren* hevdar Schønning at det ikkje alltid er samsvar mellom det elevar får undervisning i, og det dei etterpå rapporterer at dei har fått undervisning i. Dessutan peikar Schønning på at det ikkje nokon stad i læreplanen er uttrykt som målsetjing at elevane skal få rom til å utvikla eit personleg skriftspråk. Ho meiner normvala vanlegvis ikkje vil bli kommenterte og problematiserte av norskclæraren, så lenge elevane skriv nokolunde korrekt i skriftlege innleveringsarbeid (jf Schønning 1999: 21).

Nynorskelevane i utvalet til Berg (1999c) rapporterer tilbake om to hovudproblem som gjeld dei skriftlege innleveringsarbeida deira i norsk hovudmål. Det eine er innsлага av bokmål i skriftspråket deira. Slike innslag meiner Berg ofte kjem inn via dialektane, og at mange av dei altså ikkje representerer nokon primær bokmålsinterferens. Det andre problemet er at ein del elevar opplever å få betre karakterar når dei nyttar dei formene læraren føretrekk (ofte meir konservative former). Dette siste vil sjølvsagt føra til innskrenking av den faktiske valfridommen. Fleire av elevane i undersøkinga til Berg rapporterer også sjølv at dei ikkje opplever valfridommen som reell, og at dei tilpassar språket sitt til det lærarane ønskjer.

Berg konkluderer etter dette med at valfridommen eksisterer mest på papiret. Ho meiner konsekvensen av at dette er ein nedprioritert del av undervisninga vil vera at implementeringa av nye ord og former blir vanskeleg.

<sup>1</sup> Jf også undersøkinga til Roy Johansen (1998) om haldningar til normvariasjon hos bokmålselevar. Johansen kjem fram til at mange av elevane er positive til eit talemålsnært skriftspråk, men at få av dei nyttar talemålsnære former når dei sjølv skriv. Johansen meiner dette er ein konsekvens av at bokmålselevane manglar kunnskap om den faktiske valfridommen innanfor rettskrivinga.

Helge Omdal (1999) har også undersøkt kva kjennskap språkbrukarar som har gått gjennom det norske skolesystemet har til valfridommen innanfor rettskrivinga. Studien han har gjort av normkunnskapen til grunnfagsstudentar på eit utval høgskolar og universitet, viser at svært mange av studentane ikkje kjenner til norma. Dette kjem til uttrykk dels ved at dei korrigerer former som er innanfor rettskrivinga, og dels ved at dei ikkje korrigerer former som er utanfor rettskrivinga. Omdal (2000) peikar også på at kunnskapen om valfridommen er svært dårleg når det gjeld heilt sentrale trekk i det grammatiske systemet. Dette gjeld både i den refererte studentundersøkinga, og i ei tilsvarende lærarundersøking han har gjort. Studiane hans viser at to av tre norsklaererarar og -studentar korrigerer bruken av sideformer med [-er] i presens av sterke verb i nynorsk<sup>2</sup>. Dette meiner Omdal oppsiktsvekkjande, både fordi det er eit sentralt punkt i grammatikken, og fordi det er ei sideform som har vore der heilt frå 1938-rettskrivinga blei innført. I tillegg er [-er]-presens talemålsnært for svært mange språkbrukarar. Dermed avslører altså undersøkinga også at det talemålsnære i nynorsken ikkje kan bli utnytta i særleg sterk grad i pedagogisk samanheng, og at valfridommen dermed ikkje blir gjort kjend for brukarane.

Helge Omdal gjorde også ei tilsvarende undersøking av språknormkunnskapane hos nordiskstudentar ved Høgskolen i Agder i 1995 (jf Omdal & Vikør 1996: 165 ff). Her måtte han konkludera med at studentane hadde lite kjennskap til vafridommen innanfor rettskrivinga. Omdal presiserer samstundes at det sjølvsagt må skiljast mellom kunnskapane studentane har om normbreidda, og dugleiken dei sjølv har i å produsera tekstar med lite feil.

Lars Anders Kulbrandstad (1996) har gjennomført ei spørjeundersøking av synet lærarstudentar har på valfridommen i rettskrivinga. Til saman har han med 140 studentar i utvalet sitt, men berre ni av desse opplyser at dei har hatt nynorsk som hovudmål i den vidaregåande skolen. I undersøkinga kjem det fram at 2/3 av studentane er generelt positive til valfridommen i rettskrivinga. Vidare meiner nærare 2/3 av dei spurde studentane at valfridommen er passe stor i bokmål, medan berre 27% av dei meiner valfridommen er passe stor i nynorsk. Her svarer så mange som kvar tredje student at dei ikkje veit kva dei meiner om valfridommen i nynorsk. 23% av studentane i utvalet vil ha mindre valfridom, og 18% vil ha større valfridom i nynorsken.

Kulbrandstad har også bede studentane om å grunngje svara sine nærare. Av dei som har gjort dette, understrekjer mange at dei set pris på valfridommen fordi han legg til rette for nærliek mellom tale og skrift. Motsett meiner dei som er negative til valfridommen at han skapar rom for forvirring og inkonsekvensar. Men som andre som har granska oppfatningane brukarane har av valfridommen, peikar også Kulbrandstad på at det er viktig å kartleggja tilhøvet mellom faktisk kunnskap om valfridom og haldningane til valfridommen. Dessutan meiner han det er viktig å sjå nærliek på om respondentane som argumenterer med utgangspunkt i talemålsnærleik, faktisk nyttar talemålsnære former når dei sjølv skriv.

Anne Steinsvik Nordal undersøker i hovudoppgåva si (Nordal 1997) bakgrunnen for skifte av skriftspråk frå nynorsk til bokmål. Nordal undersøker korleis ungdom brukar språket, og kva slag språkhaldningar dei har. Ho har gjennomført undersøkinga si i Volda, og ho understrekjer at sidan Volda er eit kjerneområde for nynorsken, vil nok tendensane som kjem til uttrykk i undersøkinga hennar vera endå meir uttalte i andre og meir pressa nynorskområde. Ein god del av denne undersøkinga går på generelle språkhaldningar, og er difor ikkje av så stor interesse i denne samanhengen. Det som er verd å ta med her, er observasjonen Nordal gjer av at ein god del elevar skiftar hovudmål frå nynorsk til bokmål. Ein del av elevane som skiftar hovudmål, rapporterer at dei føler seg hemma i skriftlege arbeid innanfor norskfaget, fordi dei ikkje får lov til å skriva eit meir dialektprega språk. Dette kan etter mitt syn tolkast på fleire måtar. Anten har elevane ønske om å bruka dialektformer som ligg utanfor rettskrivinga, eller så kjenner dei ikkje til den valfridommen som eksisterer innanfor norma. I lys av argumentasjonen dei sjølv nyttar, er det likevel litt underleg at elevane heller vel å skriva bokmål. Denne målforma skulle ein uansett tru at i liten grad gav Volda-elevar moglegheit for å bruka talemålsnære former.

Undersøkingar på området elevar og haldningar til normsituasjonen dokumenterer altså at elevar i grunnskole og vidaregåande skole, lærarstudentar og andre studentgrupper rapporterer

<sup>2</sup> Det kjem ikkje til uttrykk kor stor del av desse studentane som har nynorsk som hovudmål. Uansett vil det at så mange som to av tre lærarar ikkje kjenner til denne sideforma, vera med på å stadfesta at kunnskapen om nynorsknorma ut over læreboknormalen (eller ein del av denne), er relativt mager.

at dei berre i liten grad har fått rettleiing om normpluralismen av lærarane sine. Den rettleiinga elevane møter, kjem stort sett berre til uttrykk i lærarkommentarar på skriftlege innleveringsarbeid. Ut frå det m.a. Schønning (1999) hevdar om at elevane i liten grad får kommentarar til formvala sine så lenge vala ligg innanfor norma, er det liten grunn til å tru at elevane får styrkt kunnskapen om variasjonsbreidda i rettskrivinga på denne måten. Berg (1999a) hevdar dessutan at det kan vera vanskeleg for elevane å forstå kva prinsipp som ligg til grunn for slike rettingar når grunnopplæringa i normpluralismen ikkje er betre. Ho slår fast (*ibid.*, s. 19) at

systemet med stor valgfrihet i skriftnormalen er en viktig del av norsk rettskriving. Spørsmålet er om dette systemet er i bruk i praksis, noe det har blitt forska lite på til nå.

Dei små og overflatiske studiane eg har gjort av normvariasjonen i publiserte og upubliserte tekstar på nynorsk, kan ikkje bøta på mangelen på større undersøkingar om faktisk normvariasjon. Likevel kjem det i det minste for det publiserte materialet sin del til uttrykk ein nokså klår tendens til einsretting i bruken av former. Særleg gjeld dette innanfor formverket<sup>3</sup>.

## 2.2 Lærarar og haldningar til normsituasjonen

Lærarar i den norske skolen skal i utgangspunktet vera kvalifiserte til å undervisa i begge målformer, og dette føreset sjølvsgagt at dei kjenner til både bokmåls- og nynorskrettskrivinga. Dei som underviser i norsk, skal både kjenna til læreboknormalen og samstundes kunna rettleia elevane sine i val av former innanfor den vide rettskrivinga.

Nokre av undersøkingane eg refererer under dette punktet, dreier seg om lærarhaldningar og -vurderingar som gjeld bokmålsnorma. Eg har teke desse med i dei tilfella der dei kan vera med på å dokumentera haldningar til smal eller vid norm som prinsipp. Under dette delpunktet har eg også teke med studiar der lærarar vurderer kunnskapen elevane eller studentane deira har om rettskriving og normvariasjon.

Lars Anders Kulbrandstad (1996) slår i innleiinga til artikkelen sin om språknormering og pedagogikk fast at det i språkhistoriske framstillingar kan sjå ut til at

lærerne helt fra starten av har betraktet stor valgfrihet i rettskrivinga i beste fall som et nødvendig onde, hvis ikke bent fram som en regelrett uting (s. 101).

Lærarane ser altså primært ut til å ha ønskt ei rettskriving som kunne sikra elevane tydelege mønster i skriftspråket. Kulbrandstad etterlyser studiar som kan gje svar på korleis rettskrivingsvedtaka blir oppfatta av ulike brukargrupper, og korleis rettskrivinga fungerer både i eit pedagogisk perspektiv og i andre perspektiv. Han har sjølv gjennomført ei studentundersøking (referert under pkt. 2.1) og ei lærarundersøking som tek for seg haldningar til normpluralismen.

Utvalet i lærarundersøkinga til Kulbrandstad er 47 lærarar frå Hedmark. Alle skoletrinn, frå barneskole til høgskole, er representerte. I undersøkinga bed Kulbrandstad lærarane om å vurdera pedagogiske føremonar og ulemper ved valfridom innanfor rettskrivinga, og i tillegg bed han dei vurdera korleis elevane bruker og meistrar denne valfridommen. Resultata frå undersøkinga viser at eit fleirtal av lærarane er positive til valfridom innanfor rettskrivinga. Høgskolelærarane er mest positive, medan ungdomsskolelærarane er minst positive til valfridommen. I vurderinga av om elevane faktisk tek i bruk og meistrar normbreidda, ser det ut til at over halvparten av lærarane meiner at elevane deira har relativt store problem med meistringa. Her er det skilje mellom dei ulike skoletrinna. Høgskolelærarane meiner det er liten grad av normvariasjon og talemålsnærleik i skriftspråket til studentane, medan ein god del ungdomsskolelærarar gjev tilbakemeldingar som tyder på at elevane til ein viss grad nyttar talemålsnære former når dei skriv. Også i denne undersøkinga knyter det seg sjølvsgagt usikkerheit til i kva grad lærarane sjølv kjenner og meistrar normvariasjonen. Kunnskap om dette er eigentleg nokså avgjerande for korleis resultata av spørjegranskninga må tolkast.

<sup>3</sup> Jf rapporten "Undersøking av formbruken i ulike typar publisert materiale på nynorsk". Resultata frå studien min av variasjonen i upublisert nynorsk var ikkje ferdiganalyserte då denne rapporten om brukarhaldningar blei skriven. Difor kan eg ikkje referera resultata her.

For å få meir kunnskap om kva brukarane meiner om valfridommen i nynorsk, har Gunnstein Akselberg (1999) gjort ei undersøking der han forsøker å kartleggja haldningane elevar og lærarar i den vidaregåande skolen har til nynorsknorma. Granskinga hans gjeld nynorsk som sidemål, men ho bør likevel vera av interesse i denne samanhengen. Hypotesen Akselberg arbeider ut frå, er at både elevane og lærarane ønskjer ei homogen norm i staden for den gjeldande heterogene. Akselberg analyserer bakgrunnen for dette ønsket til å vera at det er lettare å læra og lettare å bruka ei homogen norm enn ei heterogen. Undersøkinga får ei viss slagside ved at det berre er lærarar som er spurde, slik at også svara som gjeld elevhaldninga, baserer seg på lærarrapportering.

På spørsmål om kva endringar som bør komma inn i nynorskrettskrivinga, gjev informantane i utvalet til Akselberg svar som at nynorsken må ta opp i seg meir bytalemål, at formverket må bli enklare, at det bør opnast for meir talemålsnære former og at ei vidare tilnærming til bokmålet må stoppast. Både større valfridom og mindre valfridom blir også nemnde som aktuelle endringar. Når det gjeld prinsippet med valfrie former, hovudformer og sideformer, ser mange av lærarane i utvalet til Akselberg ut til å meina at denne organiseringa har dårleg innverknad på måten elevane meistrar nynorsken. Ut frå lærarrapporteringa kan det sjå ut til at elevane har størst problem med å meistra formverksdelen av språket.

Akselberg konkluderer med at resultata hans styrker hypotesen om at både lærarar som underviser i nynorsk som sidemål og elevar som har nynorsk som sidemål, treng ei mindre heterogen norm. Utvalet til Akselberg er smalt – berre til saman 13 lærarar har teke del i undersøkinga. Han meiner likevel at gruppa av lærarar han har nytta som informantar er representativ, og at vurderingane deira nok kan gjelda for fleirtalet av norsklærarane i den vidaregåande skolen. Akselberg slår med utgangspunkt i denne undersøkinga fast at “det heterogene normprinsippet fører til problem i skulen” (1999: 17). Her må det igjen understrekast at dette gjeld bokmålelevar som skal læra nynorsk som sidemål, men resultata som gjeld lærarane sine haldninga til norma, er uansett av interesse i denne samanhengen.

Magnhild Vollan har som utgangspunkt for artikkelen sin om valfridom og normendringar at norsklæraren “blant annet skal være ‘språkkonsulent’ for sine elever og studenter” (Vollan 1997: 31). I dette ligg det sjølvsagt at lærarane skal ha kompetanse til å formidla heile normbreidda og driva individuell rettleiing i val av former. Vollan meiner lærarane burde hatt fortløpande og grundig informasjon om endringar i rettskrivinga, men at dei ikkje får det. Ho peikar på at resultatet av manglande informasjon om endringar i norma er at mange lærarar held seg innanfor dei trygge rammene læreboknormalen gjev. Ho hevdar vidare at dårleg økonomi i skoleverket gjer at skolane ikkje tek seg råd til å kjøpa inn nye ordbøker og oppslagsverk etter kvart som endringar i norma blir sette i verk. Dette er også med på å hindra implementeringa av endringar, og elevane eller studentane kan altså ikkje få den individuelle rettleiinga dei skulle hatt i val av former.

Svein Erik Djupedokken kartlegg i hovudfagsavhandlinga si (Djupedokken 1983) rettepraksis og språkhaldninga ved to vidaregåande skolar i Oslo. Undersøkinga hans gjeld nynorsk som sidemål, men resultata hans kastar lys over haldningane lærarane har til normsituasjonen generelt. Dei fleste resultata frå denne undersøkinga vil høyra heime i delrapporten min om rettepraksis på ulike nivå, men til grunn for rettepraksisen vil det jo liggja eit eller anna meir eller mindre eksplisitt formulert språksyn. Ein del av korrigeringane lærarane i utvalet til Djupedokken driv med, er medvitne normbrot. Meir presist gjeld dette ei utbreidd styring av elevane i retning av at dei skal bruka sær-nynorske ord og bøyingsmåtar i tilfelle der dei kan velja variantar som er meir i samsvar med deira eige talemål. Dette har nok sjølv sagt samanheng med einskilde lærarar sin uvilje mot nynorsk som undervisningsemne, men det gjev også nyttig informasjon om kva haldningar dei har til ei vid norm.

Benthe K. Jansson gjer i hovudoppgåva si (Jansson 1998) ei kartlegging av korleis skriftspråksnormene blir tematiserte i den obligatoriske delen av lærarutdanninga, altså i det emnet som blir kalla *Norsk 1*. I ei delundersøking spør ho lærarane som arbeider med norsk i lærarutdanninga om dei meiner drøfting av skriftspråksnormene er eit viktig tema eiga i undervisning. Her rapporterer 59% av dei spurde lærarane at dei opplever dette som eit viktig emne, medan 41% meiner det er mindre viktig. Dei som arbeider med språklege emne i lærarutdanninga ser ut til å vera meir opptekne av dette emnet enn dei som arbeider innanfor andre delar av faget.

Lærarane i utvalet til Jansson blir bedne om å vurdera kunnskapane studentane har i skriftspråkvariasjon når dei kjem inn i lærarutdanninga. Mest relevant for denne

punktgranskinga er svara som gjeld nynorsk. Her meiner 56% av lærarskolelærarane at kunnkapane studentane har om variasjon i nynorskrettskrivinga, er därlege. Til samanlikning rapporterer 45% av dei at kunnkapane om variasjon i bokmålsnorma er därlege hos dei nye studentane. Dette er i samsvar med tendensen som kjem fram t.d. i Omdal 1999. Det er mindre i samsvar med eigenrapporteringa til elevane i undersøkinga til Berg 1999c. Her kjem det tvert om til uttrykk at bokmålselevane rapporterer har mindre kunnskap om variasjonen i bokmålsnorma enn nynorskelevane har om normvariasjonen i nynorsk<sup>4</sup>.

Eit anna resultat Jansson kjem fram til, er at mange studentar ikkje har gode nok kunnskapar i korleis dei skal bruka ordlister, og at mange av dei manglar grunnleggjande grammatikkunnskapar. I tillegg fangar undersøkinga til Jansson opp at manglande motivasjon hos studentane i læringssituasjonen også er avgjerande for kor mykje kunnskap dei tileignar seg, både om normvariasjon og om andre sider ved norskfaget.

Til saman 36 av respondentane til Jansson (av eit utval på totalt 140) meiner valfridommen er for stor i nynorsken, i bokmålet eller i begge målformene. Argumenta dei bruker, er at det er vanskeleg å skaffa seg oversyn over valfridommen, at valfridom innanfor rettskrivinga fører til ustø staving, og i tillegg at det manglar metodikk for å handtera valfridommen i praksis. 20 % av lærarane meiner at valfridommen i nynorsk er passe, medan halvparten av dei meiner valfridommen i bokmål er passe.

Jansson konkluderer med at

svært mange av norsklærarane i allmennlærarutdanninga er positive til at elevar i grunnskolen kan velje talemålsnære former i dei skriftlege arbeida sine, og dei fleste ønskjer at skriftspråksnormene i større grad bør bli tematisert i lærebøkene. Likevel oppgir bare 20 respondentar at dei gir kommande lærarar råd om å velje talemålsnære former i undervisninga (op.cit., s. 181).

Her er det ein openberr diskrepans mellom haldningar og praksis. Når ein held desse resultata saman med dei som gjeld den faktiske kompetansen studentane har om normvariasjon, er det nærliggjande å tru at mange av dei ikkje har gode nok kunnskapar om korleis valfridommen ser ut, og korleis han kan nyttast i praktisk undervisning. På spørsmål om klasseromspraksis svarer også fleirtalet av deltakarane i undersøkinga til Jansson at studentane som har gjennomført den obligatoriske norskopplæringa i lærarutdanninga, er usikre på korleis dei skal forvalta den skriftspråklege variasjonen på rettskrivingsnivået.

Hovudoppgåva til Anne Brit Holm (Holm 1999) tek for seg lærarhaldningar og elevhaldningar til nynorsk som sidemål i Larvik-skolen. Eg refererer ikkje elevhaldningane her, fordi dei spurde elevane altså ikkje har nynorsk som hovudmål. Holm inviterer lærarane som er med i undersøkinga til å seia kva dei meiner om normvariasjonen. Ho deler lærargruppa inn i undergrupper etter alder og kjønn, og finn at det er skilnader å spora mellom desse. I gruppa som omfattar dei eldste kvinnene, og i alle mannsgruppene i undersøkinga, er det fleirtal for ei fast skriftspråksnorm med lite variasjon, medan dei to yngre kvinnegruppene (kvinner mellom 20 og 59 år) er meir delte i oppfatningane på dette området. I gruppa av mannlige lærarar mellom 40 og 59 år er alle dei spurde lærarane samde om at normvariasjonen er eit pedagogisk problem. Holm kommenterer at

de sier sjøl at de vet det er et dårlig argument, men mener det tar så lang tid å rette og veilede når det er så mange tillatte former de må sette seg inn i (Holm 1999: 160).

Fleire av lærarane gjev også uttrykk for at dei mislikar normvariasjonen fordi han skapar eit unaturleg samnorsk, eller fordi han “vatnar ut” den eigentlege nynorsken.

I intervjuet med lærarane, kjem det fram at mange av dei kjenner seg utrygge når dei skal evaluera innleveringsarbeid som er skrivne på nynorsk, og at dei meiner dei sjølv har for därleg kjennskap til rettskrivinga. Samstundes kjem det fram at lærarane vegrar seg for å

<sup>4</sup> Dette misforholdet kan vera med på å illustrera kor vanskeleg det er å måla faktisk kunnskap om norma. Tekstane språkbrukarane sjølv produserer, seier lite om den totale normkompetansen deira. Eigenvurdering av kunnskap om mangfaldet i rettskrivinga vil kunna skilja seg sterkt frå faktisk kunnskap på området, og lærarar si oppfatting av elevane sin normkunnskap vil m.a. vera avhengig av kva kompetanse dei sjølv har når det gjeld rettskrivinga.

be om basisopplæring i nynorsk, fordi dette vil vera å innrømma därleg dugleik i faget. Holm konkluderer med at

etter å ha gjennomført spørreundersøkelse og samtalt med mange lærere, mener jeg det er behov for og også ønske om å friske opp kunnskaper i nynorsk. Det er behov for å gjennomgå hva læreboknormalen er, og hva rettskrivinga er (Holm 1999: 159).

Dette tyder altså ikkje berre på at mange av lærarane i det norske skoleverket manglar reell kompetanse til å rettleia elevane sine i val av former innanfor rettskrivinga, men at dei i tillegg manglar kunnskap om sjølve arkitekturen i rettskrivinga. Holm er overtydd om at den negative haldninga til normvariasjon som står som ein hovudtendens i undersøkinga hennar, har som utgangspunkt nettopp at lærarane føler at dei ikkje kan hanskast med norma. Difor er dei tryggare om dei kan definera eit smalt sett med "nynorskformer" som elevane deira kan pugga.

I undersøkinga til Anne Brit Holm kjem det også klårt til uttrykk at eit stort fleirtal av dei spurde lærarane ikkje ønskjer at skriftleg sidemålsopplæring skal oppretthaldast i grunnskolen. Når ho røkjer nærmare etter kva dei meiner, finn ho ut at flesteparten av dei eigentleg er mot nynorsk i det store og heile. Dette kjem ikkje til uttrykk på spørjeskjemaet lærarane har fylt ut, fordi dei er engstelege for å framstå som illojale mot planane dei arbeider etter, og fordi dei er redde for å bli identifiserte med slike meininger.

Holm må konstatera at haldninga til nynorsk generelt ser ut til å vera meir negativ mellom lærarane ho intervjuar, enn ho er mellom elevane som er i respondentgruppa hennar. Larvik-lærarane meiner det som kan bøta på situasjonen i sidemålsundervisninga, er at lærarutdanningsinstitusjonane gjev studentane undervisning i normvariasjonen, slik at dei får ein skikkeleg plattform før dei kjem ut i skolen. Dei yngste lærarane som er med i utvalet til Holm, meiner at ein i tillegg til dette også bør driva haldningsskapande arbeid som ein del av nynorskformidlinga i norsklærarutdanninga.

Celia M. Berg (1999c) undersøker som eit ledd i studien sin av haldningar til den heterogene skriftnorma korleis elevane oppfattar at lærarne formidlar valfridommen. Svara ho får, tyder på at bokmålselevane får svært lite informasjon om valfridommen innanfor rettskrivinga. Sjølv om det ser noko lysare ut for nynorsken sin del, må Berg konkludera med at informasjonen om valfridommen også der ser ut til å vera mangelfull. Ho slår fast at det ser ut til å vera av avgjerande tyding kva haldningar elevane oppfattar at lærarane deira har til ei vid skriftnorm (jf Berg 1999c: 78). Her må det understrekast at Berg har målt kva haldningar elevane oppfattar at lærarane formidlar, og ikkje kva dei de facto gjer i formidlingssituasjonen. Men for elevane sin reelle valfridom meiner Berg at minst like viktig som korleis lærarane opptrer, er dei faktiske haldningane og intensjonane deira.

Trude Hoel ser i hovudoppgåva si (Hoel 1995) på vide og tronge rettskrivingsnormalar, og ho samanliknar norske, danske og svenske forhold. Eg har særleg teke for meg dei delane som omhandlar norske tilhøve, og her er det nokre interessante funn som må nemnast. Hoel har fanga opp ein god del misnøyje med normsituasjonen, og meiner m.a. at

også en del norsklærere er misfornøyde med enkelte forhold ved de norske skriftmålene, spesielt med hensyn til valgfriheten innen nynorsknormalen (op.cit., s. 5)

Ho peikar samstundes på at ikkje alle som arbeider med norsk språk er samde i dette. Nokre meiner i staden problemet ligg på eit anna nivå enn graden av valfridom. Som døme viser Hoel til studiar Tove Bull har gjort av lese- og skriveopplæring knytt til ungane sitt eige taalemål. Bull kjem til at ei opplæring som går føre seg på dialekt gjer det mogleg for elevane å analysera eige taalemål meir presist, og at taalemålsnære former i eit slikt perspektiv er ein føremoen.

Hoel meiner sjølv at eit hovudproblem ved rettskrivinga slik ho framstår i dag, er at ho tek opp i seg dialektale skilje, men at ho ikkje rommar variasjon som har utgangspunkt i sosiale skilje. Dette analyserer ho som ei mogleg årsak til at stillinga til valfridommen er svekt i skriftbiletet. Hoel (1995) er også mellom dei som slår fast at det manglar grundige empiriske undersøkingar av normbruken i praksis. Ho hevdar at den manglande kjennskapen til faktisk bruk av språket er med på å svekka det reelle normeringsarbeidet.

Konklusjonen Hoel til slutt dreg, er at utforminga av skriftnormalen, altså om han er “vid” eller “snever”, ikkje ser ut til å vera av stor tyding for den ferdigutdanna språkbrukaren. Variasjonsbreidda blir generelt dårlig utnytta, mange lærarar har liten kjennskap til normpluralismen, og ein god del lærarar vel å oversjå variasjonsmoglegheitene ut frå pedagogiske eller språkpolitiske omsyn. Hoel meiner likevel at valfridommen i dei norske skriftnormalane under visse omstende er med på å skapa ekstraproblem for språkbrukarane. Grunnen til dette meiner ho er at den einskilde språkbrukaren aktivt må avgrensa valfridommen for å etablira ein skriftnorm som er akseptert i praksis. Men ho peikar samstundes på at det for dei som er i læringssituasjonen ser ut til at den typen valfridom som aukar lyd-skrift-korrespondansen, er eit gode.

Jan E. Byberg (1995) hevdar i artikkelen “Den smale veg” at ein føresetnad for at språkbrukarane skal kunna nyta godt av valfridommen som ligg i nynorsknorma, er at dei har innsikt i eige språk. Han hevdar at det i praksis viser seg å vera stor avstand mellom innsikta ekspertane har, og den vanlege språkbrukarar har. Ut frå eiga lærargjerning og samtalar med elevar som har ønskt å skifta opplæringsmål frå nynorsk til bokmål, meiner Byberg at eit vanleg argument er at dei visuelle førebileta i bokmålet er klårare enn dei er i nynorsken. Byberg opplever som lærar at normsituasjonen innanfor nynorsken er vanskeleg, og han oppgjev fleire grunnar til dette. Ei årsak meiner han er at det formelle apparatet i ordbøkene er så vanskeleg at middels flinke og svake elevar ikkje kan hanskast med det. Ei anna årsak er at systematisk valfridom (t.d. valfridommen som gjeld *a*- og *e*-infinitivar) ikkje kjem til uttrykk i ordboksverka, og at dette hindrar andre enn dei flinkaste elevane i å velja fritt. Dette meiner Byberg inneber at valfridommen i norma faktisk er med på å auka avstanden mellom sterke og svakare elevar.

Omdal (2000) er inne på same problemstillinga, og han slår fast at valet av former ikkje blir reelt dersom språkbrukarane ikkje har kunnskap om normpluralismen. Han meiner skolebarn og -ungdom i dag møter mykje meir tekst andre stader enn på skolen og i pensumlitteraturen enn det skoleelevar gjorde tidlegare. Dersom denne store tekstmengda ikkje reflekterer normpluralismen og normendringane, meiner Omdal det er vanskeleg å sjå for seg ei vellukka implementering mellom vanlege språkbrukarar.

### 2.3 Andre brukargrupper og haldningane deira til normsituasjonen

Tore Roksvold (1999) har undersøkt kva syn journalistar har på den språklege valfridommen ei vid rettskriving representerer. Han viser til at graden av normering varierer frå redaksjon til redaksjon, og at

noen følger riksmålsnormal, noen følger rettskrivningsnormal med stor valgfrihet for hver journalist, noen foretrekker radikale former innafor rettskrivningsnormalen, mens de fleste foretrekker såkalt moderate former (Roksvold 1999: 197)

Undersøkinga gjeld både nynorsk og bokmål som redaksjonell målform. Roksvold har dessutan med andre respondentar i utvalet sitt, for å kunna kontrollsjekka om journalistane peikar seg ut når det gjeld synet på normering. I tillegg til yrkesaktive journalistar består utvalet hans difor av journaliststudentar, lesarar tilsette i Telenor og norsklærarar. På denne måten er også avislesarar og radio-/TV-brukarar representerte i utvalet, og Roksvold meiner det vil vera interessant om resultata hans viser at journalistane ønskjer ei sams, fast språknorm, medan dette ikkje er så viktig for gruppene som bruker dei tenestene journalistane produserer.

Resultatet av undersøkinga hans er faktisk også at ei felles standardspråknorm ser ut til å vera mykje viktigare for journalistar enn for dei andre respondentgruppene i utvalet hans. Roksvold finn dessutan ut at mannlege respondentar i større grad enn kvinnelege respondentar vil ha ei felles språknorm i redaksjonane. Kvinnene i utvalet til Roksvold meiner i større grad enn mennene at journalistane i større mon bør få utnytta valfridommen innanfor språknormalane. Samstundes viser tala hans at yngre er mindre opptekne av felles språknorm enn eldre, og at dei med høgst utdanning meiner det er mindre viktig med ei felles språknorm enn dei med lågare utdanning.

Undersøkinga til Roksvold viser også at TV- og radiojournalistar ønskjer sterkare grad av valfridom enn andre journalistgrupper. Han konkluderer med at strevet etter ei stram normering rundt om i redaksjonane kan verka litt overdriven. Likevel spår Roksvold at

einsrettinga i formval blir endå større i framtida, fordi korrekturlesingsprogramma redaksjonane får laga automatisk vil justera avvikande skriftformer i tekstane journalistane produserer<sup>5</sup>. Interessant er det likevel altså å sjå at brukargruppene, særleg yngre, kvinner og dei med høg utdanning, gjerne kunne tenkja seg større valfridom enn den dei opplever at finst rundt om i redaksjonane i dag.

Atle Mosling (1998) undersøker språknormering i sakprosaen, og som eit ledd i undersøkinga si intervjuar han lærebokforfattarar og forlagsredaktørar om kva oppfatningar dei har av normvariasjon, og korleis dei sjølv nyttar norma. Han peikar på at eit fleirtal av respondentane ønskjer å velja former som ligg ‘midt på’, slik at språket skal vera minst mogleg avstikkande<sup>6</sup>. Dette kan tolkast som at dei oppfattar det å ta i bruk normvariasjonen som eit slag språkleg flaggheising. Undersøkinga til Mosling gjeld sakprosa på bokmål. Tilsvarande større undersøkingar av nynorsk læreboksprosa vil nok kanskje avdekkja både større variasjon og meir toleranse for variasjonen. Likevel må ein hugsa på at dei læreverka som skal brukast i grunnskole og vidaregåande skole skal halda seg innanfor læreboknormalen, og at denne set klåre grenser for normvariasjonen. Difor bør slike undersøkingar også gjelda anna lærebokmateriale.

Bente Selback har i hovudavhandlinga si (Selback 2001) undersøkt skriftspråkshaldningars hos det ho kallar “vanlege språkbrukarar” og ho ser på kva dei meiner om valfridommen og ordtilfanget i skriftspråksnormalane. Selback har teke utgangspunkt i eit sett hypotesar som gjeld samanhengen mellom alder og språkhaldningars, mellom kjønn og språkhaldningars og mellom yrke og språkhaldningars. I tillegg kartlegg ho kulturhistorisk bruk av målformene i bustadkommunane informantane er frå, og korleis denne verkar inn på språkhaldningane deira. Selback har sendt ut spørjeskjema til 360 informantar i seks ulike kommunar, og fått svar frå 45% av dei. Ho nemner det som eit problem med det endelege informantutvalet hennar at den yngste aldersgruppa (dei under 25 år) er dårleg representert.

Av dei som har svara på spørjeskjemaet til Selback, meiner halvparten at det er eit gode med valfridom innanfor rettskrivinga, medan om lag 1/3 er usamde i at det bør vera mogleg å velja. Men med ei spørsmålsformulering som går på om informantane er samde i at dei misliker å kunna velja, svarer så mange som 40% stadfestande. 30% er usamde i at dei misliker å kunna velja. Det er ein viss diskrepans her, og den kan ha samanheng med at informantar lettare seier seg samde enn usamde i påstandane som blir kasta fram<sup>7</sup>. Også andre av spørsmåla i undersøkinga til Selback viser at svara varierer ein god del etter korleis spørsmåla er formulerte.

Så mange som 58% av respondentane i undersøkinga til Selback rapporterer at dei liker at språkbruken er “nøytral”, at han altså ikkje merker seg ut på noko vis. Samstudes svarer 60% av dei spurde at dei sjølv liker å bruka rettskrivinga på ein personleg måte. Dette resultatet meiner Selback kan tolkast på to måtar. Anten skil respondentane mellom korleis dei sjølv skriv og korleis dei vil at andre skal skriva, eller dei reknar eigen skriftspråkbruk som nøytral.

Selback finn at dei som skriv minst i jobben, er mest usikre på rettskrivinga. Her har det også litt å seia kva målform dei bruker. Dei som skriv nynorsk eller som bruker begge målformer, rapporterer i mykje høgare grad at dei nyttar oppslagsverk enn dei som berre skriv bokmål. Selback meiner dette kan tolkast som at nynorskbrukarane er meir usikre på språknormene enn det bokmålsbrukarane er. Ho meiner også det kan henga saman med at alle, både nynorsk- og bokmålsbrukarar, les mykje meir bokmål enn nynorsk, og at bokmålsnorma difor lettare blir internalisert. Selback peikar på at det ser ut til at bruken av valfrie former i bokmålet er mykje meir einsarta enn bruken av valfrie former i nynorsk, men poengterer at dette tilhøvet ikkje er endeleg stadfesta gjennom vitskaplege studiar.

Eit interessant resultat av undersøkinga til Selback er at over halvparten av dei som er negative til nynorsk, meiner at skriftbiletet bør vera mest mogleg einskapleg. Av dei som er positive til nynorsk, svarer berre i underkant av 20% at dei vil ha eit mest mogleg einskapleg skriftbilete, medan 35% er usamde i dette. Selback tolkar desse resultata som ein refleks av at

<sup>5</sup> Roksvold opplyser at korrekturlesingsprogram som *Tansa* godt kan handtera ei norm med større valfridom, men at mange redaksjonar vel det smale formsettet som ligg innanfor NTB-normalen (moderat bokmålsnormal).

<sup>6</sup> Resultata er også i overensstemming med dei Eva C.K. Vinde (2000) får i undersøkinga si av språknormene i eit utval norske aviser med bokmål som redaksjonell målform.

<sup>7</sup> Hellevik (1995: 90) omtalar slike informantar som “ja-siere”. Dei er ofte ikkje heilt sikre på kva dei meiner om ei sak, men svarer stadfestande på spørsmåla til utspørjaren eller spørjeskjemaet.

nynorskbrukarane er meir vande med eit heterogent skriftbilete. Det kan etter hennar syn også ha samanheng med at talemålsargumentet alltid har vore viktig i nynorsken. Respondentar som er positive til nynorsk, ser altså i større grad ut til å setja pris på pluralismen.

Som eit ledd i undersøkinga presenterer Selback (2001) eit sett tekstar for respondentgruppa si, og bed om å få kommentarar på formbruken. I bokmåltekstane viser det seg at det er radikale former informantane er negative til, medan det i nynorsktekstane er dei mest konservative formene tilbakemeldingane går hardast ut over. Selback viser til at

dei orda som møter sterke reaksjonar, er dei tradisjonelle nynorskorda, og då særleg dei som er lite brukte [...] Di yngre informantane er, di fleire er det som gjev uttrykk for at dei mislikar dei tradisjonelle nynorskorda (op.cit., s. 140)

Studien til Selback viser generelt at dei av informantane som hører heime i kjerneområdet for nynorsken, ikkje er opptekne av at skriftbiletet skal vera einskapleg, eller at språkbruka skal vera mest mogleg nøytral. Når dei skriv, vel dei fleste av desse informantane å bruka det dei sjølv karakteriserer som ‘moderat’ nynorsk. Ho kjem dessutan fram til at nynorskbrukarane har eit mindre instrumentelt språksyn enn bokmålsbrukarane. Dei er meir opptekne av at språket i tillegg til den reine kommunikasjonsfunksjonen, også har ein identitetsfunksjon. Dette er med på å forklåra den større graden av aksept for skriftspråkleg variasjon innanfor nynorsk.

I undersøkinga til Dagfinn Rødningen (2000) av dialekt-, nynorsk- og bokmålsinterferens i skriftspråket til språkbrukarar i alderen 21–26 år<sup>8</sup>, kjem det til uttrykk ein sterke tendens til dialektinterferens hos nynorskbrukarane enn hos bokmålsbrukarane. Rødningen konkluderer med at

dette opnar for ei tolking som inneber at normforholda i nynorsk spelar ei viss rolle, sjølv om resultata ikkje eintydig gir støtte verken til tilhengarar eller motstandarar av ei vid norm (op.cit., s. 83).

Rødningen viser også til doktoravhandlinga Geirr Wiggen la fram i 1992. Her analyserer Wiggen normavvik i elevtekstar, og kjem fram til at nynorskelever har fleire feil i rettskrivinga enn bokmålselever. Dei normstridige elementa i tekstane deira viser seg for ein svært stor del å vera talemålsinnslag (jf også Wiggen 1996: 149 f), og Wiggen nyttar resultata sine som argument for at norma bør vera vid. Brukarane gjer altså ei kopling mellom eigen dialekt og nynorsk som skriftspråk, og slik Rødningen (2000) presenterer det, er det altså dette som er grunnen til at Wiggen vil ha ei vid norm.

Rødningen meiner det er den sterke fokuseringa på kopplinga mellom dialekt og nynorsk i seg sjølv som må vera årsaka til at det finst fleire normstridige dialektinnslag i tekstar skrivne av nynorskbrukarar enn av bokmålsbrukarar. For å få bukt med dette problemet, lanserer han to alternative løysingar. Anten meiner han norma må gjerast totalt inkluderande, eller så må norma snevrast inn slik at ho blir meir eintydig og dermed lettare å hanskast med for brukarane. Det første alternativet avviser Rødningen sjølv som heilt urealistisk, men han meiner at ei innsnevring av norma vil kunna gje situasjonen enklare for språkbrukarane. Dette er Rødningen også inne på i andre samanhengar. I Rødningen (1999) slår han fast at normsituasjonen gjer at elevane oppfattar grensa mellom kva som er tillate i rettskrivinga og kva som ikkje er det, som uklår. Som yttarlegare støtte for synet sitt, viser Rødningen til ein artikkel av Ulf Teleman i *Maal og Minne* der det blir hevd at stor normvariasjon gjer språkbrukarane usikre (jf Teleman 1992).

I artikkelen om interferensproblema i nynorsk (Rødningen 2000) viser Rødningen dessutan til eigne undersøkingar av årsakene til at språkbrukarar med nynorsk som opplæringsmål seinare vel å bli bokmålsbrukarar. Talmaterialet hans avslører at ein av fire som skifta målform, gjorde dette fordi dei hadde problem med rettskrivinga i nynorsken. Han refererer dessutan til undersøkinga Tone Årtun gjorde på første delen av 1980-talet om årsakene til skifte av målform i Sauda. Ho kom fram til at om lag 60 % av elevane som hadde skifta frå nynorsk til bokmål, argumenterte med at rettskrivningsproblem låg til grunn for skiftet. Det må i denne samanhengen peikast på at årsakene til at språkbrukarar vel å skifta målform frå

<sup>8</sup> Alle i respondentgruppa til Rødningen har hatt nynorsk som opplæringsmål, men mange av dei har seinare endra målform.

nynorsk til bokmål kan vera mange og samansette, og dette er også Rødningen (2000) merksam på. Likevel kan me altså konstatera at mange språkbrukarar rapporterer at dei skiftar målform fordi dei har problem med nynorsknorma.

### 3. Konklusjonar

I ein studie av korleis ulike grupper av brukarar opplever normsituasjonen, er det klårt at også dokumentasjon på korleis ulike brukargrupper faktisk tek i bruk norma, er av interesse. Slik sett er det interessant å observera tendensen til ei viss einsretting i formbruken i delrapporten som gjeld normsituasjonen i ulike typar publisert nynorsk. Dersom det er slik at brukargruppene meiner norma er vanskeleg tilgjengeleg fordi det er så mange former i bruk, samstundes som det faktiske talet på former dei møter i skrift er ganske lågt, vil det jo i praksis vera eit misforhold mellom opplevd og faktisk normvariasjon innanfor skriftspråket. Det viser m.a. resultata frå undersøkinga i Holm (1999), der det kjem fram at lærarane uttrykkjer motvilje mot den vide rettskrivinga i nynorsk, samstundes som dei vedgår at dei manglar kunnskap om innhaldet i norma.

Det at brukarane som uttalar seg om norma i liten grad har kjennskap til innhaldet, kan ein takla på (minst) to måtar: anten kan ein leggja til sides undersøkingane og slå seg til ro med at dei som blei spurde, ikkje visste kva dei uttalte seg om. Dette skulle ein tru var ei ganske dårlig løysing, gitt dei store problema det ser ut til å vera på dette feltet. Alternativt må ein arbeida med utgangspunkt i at det eksisterer eit omfattande implementeringsproblem. Dette inneber at det kanskje ikkje berre er normbreidda i seg sjølv som er problemet, men i like stor grad at brukarar flest ikkje får rettleiing i bruken av norma.

Dei undersøkingane som tek for seg haldninga til normvariasjonen, gjev nokså varierande svar på korleis brukargruppene stiller seg til normvariasjonen. Selback (2001) konkluderer med at det samla sett er over halvparten av respondentane som er negative til valfridommen. Ni prosent av dei er svært negative, medan 50% er litt negative til valfridommen. Ingen av respondentane hennar er svært positive, men om lag 1/3 av dei er litt positive til valfridom. Men Selback understreker at "truleg har få informantar eit gjennomtenkt og medvite tilhøve til eigen bruk av valfridommen" (2001: 115). Motsett ser me at eit fleirtal av respondentane i lærargruppa til Kulbrandstad (1996) er positive til valfridommen innanfor norma. Undersøkingane denne rapporten refererer, viser også at faktorar som kjønn, alder, utdanningsnivå og bustad er avgjerande for korleis brukarane oppfattar valfridommen.

Interessant er det også å sjå at mange av artiklane og hovudoppgåvene som er skrivne innanfor dette feltet, tydeleg peikar på andre faktorar enn formrikdommen som avgjerande for korleis brukarane oppfattar norma og for korleis dei brukar rettskrivinga. Vollan (1997) viser til økonomiske årsaker til at implementering av norma i skolen blir hindra. Berg (1999c) og Holm (1999) viser korleis lærarhaldninga skrenkar inn fridommen. Undersøkingane til Mosling (1998) og Selback (2001) viser dessutan at mange språkbrukarar ønsker å skriva "nøytralt". Alt i alt må me konkludera med at det ikkje er mogleg trekka fram ein einskildfaktor som kan forklåra haldningane ulike brukargrupper har til norma, men at biletet er svært samansett.

### Bokliste

- Akselberg, Gunnstein. Valfridommen i nynorsk. Haldninga og praksis hjå lærarar og elevar i den vidaregåande skulen, studieretting for allmenne fag. I Helge Omdal (red.), 10–22.
- Berg, Celia. 1999a. Har vi valgfrihet i praksis? Ei undersøking av hvordan systemet med heterogen skriftnorm fungerer for noen elever i videregående skole. *Norsk læraren* 3/1999: 16–20.
- . 1999b. Valfridommen og eleven. Om korleis nokre elevar i vidaregåande skule opplever ein vid skriftnormal i praksis. I Helge Omdal (red.), 45–59.
- . 1999c. "La oss skrive slik det er naturlig og behagelig." Om kjennskap og haldninga til den heterogene skriftnorma hos nokre avgangselevar i vidaregåande skule. Upublisert hovudoppgåve, UiB.
- Byberg, Jan. 1995. Den smale veg. I Korleis bør nynorsken sjå ut? Red. Jan O. Fretland & Lars S. Vikør, 37–41. Oslo: Noregs mållag.
- Djupedokken, Svein Erik. 1983. *Nynorsk som sidemål – stilretting og lærarholdningar ved to vidaregåande skular i Oslo*. Upublisert hovudoppgåve, UiO.
- Hellevik, Ottar. 1995. *Sosiologisk metode*. Oslo: Universitetsforlaget

- Hoel, Trude. 1995. Rettsskrivingsnormaler – til hjelp eller til besvær? En vurdering av “vide” og “snevre” rettskrivingssystem i skandinaviske språk. Upublisert hovudoppgåve, UiO/HiA.
- Holm, Anne Brit. 1999. *Stebarnet nynorsk. Om holdninger til nynorsk i Larviksskolen*. Upublisert hovudoppgåve, UiO.
- Jansson, Benthe Kolberg. 1998. *Fri til å velje? Ei undersøking av hossen valfridommen i skriftnormalane blir tematisert i den obligatoriske delen av norskfaget i allmennlærarutdanninga*. Hovudoppgåve, UiO.
- Kulbrandstad, Lars Anders. 1996. Språknormering og pedagogikk. Valgfrihet i rettskrivinga – til hjelp eller forvirring. I *Språknormering og språkbrukar. Artiklar frå seminar ved universitetet i Bergen*, red. Helge Omdal, 101–116. Kristiansand: Avdeling for humanistiske fag.
- Nordal, Anne Steinsvik. 1997. *Frå eg til jeg? Språkhaldningsundersøking – om bakgrunn for skifte av skriftspråk – frå nynorsk til bokmål*. Upublisert hovudoppgåve, UiO.
- Omdal, Helge & Lars S. Vikør. 1996. *Språknormer i Norge. Normeringsproblematikk i bokmål og nynorsk*. Oslo: LNU/Cappelen akademisk forlag.
- Omdal, Helge (red.). 1999. *Språkbrukeren – fri til å velge? Artikler om homogen og heterogen språknorm*. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- . 1999. Språknormsikkerhet i bokmål og nynorsk. I Helge Omdal (red.), 181–195.
- . 2000. Språknormtrygghet eller språknormsikkerhet? Om norske språknormer som formidlingsproblem. *Norsklaeraren* 2/2000: 37–43.
- Roksvold, Thore. 1999. Fast språknorm eller valgfrihet i redaksjonen? I Helge Omdal (red.). 197–208.
- Rødningen, Dagfinn. 1999. Ottadalen – ein utforbakke til bokmålet. Språkproblem og språkskifte blant ungdom i Lom, Skjåk og Vågå. I *Austlandsmål i endring*, red. T. Kleiva et al., 246–258.
- . 2000. Nærskylde skriftspråk i kontakt. Interferensproblem og normering i norsk, sett i lys av ei undersøking om språkskifte i Ottadalen. I *Maal og Minne*, hefte 1, 2000: 65–84.
- Råbu, Anne-Berith. 1997. *To ulike norskfag? En undersøkelse av holdningene til nynorsk som sidemål blant elever i ungdomsskolen og den videregående skolen*. Upublisert hovudoppgåve, UiO.
- Schönnung, Sissel. 1999. Valgfrihet i praksis? En kommentar. I *Norsklaeraren* 3/1999: 21.
- Selback, Bente. 2001. “*Det er heilt naturleg*”. Ei granskning av skriftspråkhaldninga. Upublisert hovudoppgåve, UiB.
- Teleman, Ulf. 1992. Norsk språknormering i fågelperspektiv. *Maal og Minne*: 161–172,
- Verlo, Jorunn Kittang. 1993. *Holdningar til nynorsk og bokmål som skolemål i Måløy og Høyanger*. Upublisert hovudoppgåve, UiB.
- Vikør, Lars. 1995. *Rettsskriving hos nynorskforfattarar*. Norsk språkråds skrifter nr. 3. Oslo: Norsk språkråd.
- Vinde, Eva Cathrine Kolsrud. 2000. *Syv eller sju? – og mye mer. Språknormer og språkpraksis i norsk presse*. Upublisert hovudoppgåve, UiO.
- Vollan, Magnhild. 1997. Norsk språkråd og skoleverket. *Norsklaeraren* 2/1997: 31–33.
- Wiggen, Geirr. 1996. Norsk rettskriving: Hva er vanskelig for elevene, og hvilke regler bør kunne vurderes på grunnlag av praktisk-pedagogiske erfaringer? I *Språknormering og språkbrukar. Artiklar frå seminar ved universitetet i Bergen*, red.